

# Kyrkjelydsblad

## for Arna prestegjeld

Nr. 1

Arna Januar 1970

3. årgang

### Job talar om Guds stordom og herreveelde

endå det berre er utkanten av Guds verk han talar om og det er berre som ei kviskring å høyra.

«Helheimens skuggar skjelv i angest, vassdjup og dei som bur i dei. Helheimen ligg i dagen for han, og avgrunnen er ikkje gøymd. Han breider Nordheimen ut yver audni, han hengjer jordi opp på inkje. I sine skyer bind han vatni saman, og skyene brest ikkje under dei. Han stengjer att so ingen ser hans kongsstol, han breider sine skyer yver han. Ei grensa drog han i ein ring på vatni, langt ute, der som ljøs og myrker møtest. Stolpane under himmelen skjelv, og redde vert dei for hans trugsmål. Han reiser havet med si kraft og krasar Rahab med sitt vit. Ved hans ande klårnar himmelen, hans hand gjer av med den flogsnare draken. (Kap. 26)

Og so nyårshelsing frå Jesaias (kap. 43, 18 f.)

«Tenk ikkje på det som fyrr hev vore, akta ikkje på det som framfare er. Sjå eg gjer noko nytt, no skal det renna opp, de skal nok få sjå det. Ja, eg vil gjera veg i heidi, elvar i øydemarki, so mitt folk, mine

utvalde, kan få drikka. Det folk eg hev skapt meg, skal forkynna min pris.»

Og so sju spørsmål Søren Kierkegaard stiller:

Når det glade lette spel vinka på deg, takka du då Gud?

Når du var sterk — du trong 'kje til hjelp, takka du då Gud?

Når den tiletla luten din vart liten, takka du då Gud?

Når den tiletla luten din var liding, takka du då Gud?

Når ynsket ditt vart avvist for deg, takka du då Gud?

Når du sjølv laut visa burt ditt eige ynskje, takka du då Gud?

Når menneske gjorde urett mot deg, takka du då Gud?

Ikkje segjer me at uretten frå menneske ikkje var urett lenger. Om det var urett, avgjer du sjølv, men bar du uretten og krenking fram for Gud! Og med di takk tok imot det alt saman frå handi hans, som ei god og fullkomi gáva? Ja, gjorde du nokon sin det?

Godt og fagert er det når du bed, og mang ein lovnad kviler yver han som bed utan å trøytna, men sælare er det å takke — alltid.

## Me er sju

(Etter den engelske dikta ren William Wordsworth)

Eg møtte ei husmanns jenta  
— ho var vel kring åtte år —  
ei lival og vakker fenta  
med bylgjande krusa hår.

«Høyr her, vesle møy,» eg sagde,  
«kor mange av sysken har du?»  
Ho såg på meg fyrst og tagde,  
men svara til sist: «Me er sju».

2 Men to har på sjøen seg slege,  
dei siglar på bylgja blå.  
2 To andre til byen har drege,  
og sjeldan dei er å sjå.

2 I gravlund her ved kyrkja  
ligg syster og veslebror.  
Der søv dei helg og vyrkja,  
men sjølv er eg heime hjå mor.»

1 «Du seier at to pløyer bylgja,  
og to har i byen sett bu.  
1 Men sjølv får du mor di fylgja.  
Korleis kan då dette bli sju?

Når syster og bror er lagde  
i gravlundens svarte jord,  
då er de 'kje sju, som du sagde,  
men fem er det rette ord.»

Ho stirde meg beint opp i synet  
med augo so uskulds blå.  
Ho smilte, det vesle grynet,  
men eg kjende gråt braut på.

«Ved soleglads bel plar eg vitja  
dei kjære på kyrkjegard.

Det er so gildt å sitja  
og syngja ein stubb åt kvar.

Og stødt er eg glad og fegen  
når eg får ta grautskål og skei  
og stiltra meg bort etter vegen  
og eta til kvelds hjå dei.

Den fyrste som åpydde var Stina.  
I sengi ho sutra og gret  
til dess ho vart fridd frå pina  
og slokna, og heimen forlet.

Om hausten til gravi reika  
min broder Johan og eg.  
Me ofte ved gravi leika.  
Om vinteren laut han i veg.

Det kvitna på marki og bøen  
då broren min slokna av.  
Og under den falde snøen  
han broremann fekk si grav».

«Når to er til himlen henta,  
når Gud tok dei her ifrå,  
so spør eg igjen, vesle jenta:  
Kor mange vel er de då?»

Slik freista eg atter stikka  
ein tvil i den barnlege tru.  
Men jenta var ikkje å rikka:  
«Jau, sanneleg er me sju.»

Eirik Skjerve.

## Gild gut vart gagns mann

Snare fangst etter trast om haustane var mest einaste innkoma gutane hadde i ei fjordbygd for 60—70 år attende. Jamt laut husmannsborn og stovesitjarborn kosta konfirmasjonsklede og sko sjølve. Då kom trastepengane velsigna vel med.

Handelsmannen tok imot fugl, 8 øre paret for svart-trast (svinsvorta og grå-trast (skittrast) og 6 øre paret for raudveng-trast (klinka). Restauratøren på fjordabåten betalte jamt nokre øre meir, men jamnast var det Fugla-Lisbet i det litle bygdesentret som var den vissaste mottakaren. Ho kjøpte og selde til vilthandler i byen og kalla trast kramsfugl. Vand var ho på fuglen, lukta på dei og let om dei var gamle, endå gutane hadde hatt saltkorn både inn i nebben og under sterten. Fugla-Lisbet var gnekjen (pruten) — såg seg mon i eit øre avslag for paret.

På unde-låven låg innsamla raunebar. På kvilingestunda og på kjøkenet om kveldane sat gutane og arbeidde snarer. Harg vart tvinna og det var godt å sitja so nær oskeskuffa at fingrane kunne nå bort i oska. Då tvinna harg seg mest av seg sjølv berre ein gnurte tommelgomen mot peike- og longbrandgomane.

I helenetter (rimfrost) og etter snøkast i fjellet, søkte trasta heim på bø og i heimeli. Då vart det travle dagar for snare-fangarane, då strokk ikkje friøkta i middagskvilda til.

Skulen hadde longdryg ferie, og det kom vel med. Kven kunne vel sitja inne og tenkja på lekser og slikt no det var pengar å tena? Nett slik tenkte Martin og endå han var 'kje borte i boka! Han var ein hendig og naturglad gut, gravkjend i ur, kjenner og kjosar heile lia til endes. Såg han ein sau — visste han med eingong kven som åtte han. Hadde Martin sagt det — var det litande, han visste alle øymerke i øvre dalen. Trast og røyskatt fanga han kvar haust og vinter. Skillingar hadde han på lur då andre gutar var i pengeknipe. Likaste tolekniven hadde han på heile garden. Ein Kretur-handlar som i unge år hadde tent hjå faren, hadde kjøpt kniven i byen. Noko som kosta Martin mykje var at han kvar laurdag i kveldinga laut gå og dra ned reneløkkjene på harg i snarene. Slaghella i røysekattfellene måtte han og leggja ned helgabølen vintersdag.

Helgafred gjeld og fugl og dyr, sa gamle-mor Guro og då laut guten lyda.

Mandagen på skulen fortalde mange gutar kor god fangst dei hadde gjort med helga. Martin fortalde dette heime. Mor trudde utbyttet ville jamna seg ut før veka var ende. Og ho fekk rett.

No er Martin langt opp i åra. Han fortel med glede om gutedagane og gler seg i barneminne frå heimen der han lærde nøysemnd og age for Gud med respekt for hans bod. «Mor fekk rett», la han til. «Eg låg mellom dei fremste av fangst av fugl kvar haust».

Og kom du innom kjøken i Oppigard vintersdag hong jamt fleire røysekattskinn til turking over den lange vedaovnen. Mor hadde sett, då ho lærde meg age for boda. Lovnaden frå det fjerde bodet har fylgt meg heile livet.

S. T.

## Til lesarane

Først må eg få lov å helsa alle heimane i Arna med ynske om eit godt nytt år og takk for alt i året som gjekk.

Ei serskild helsing og takk sender eg til dei som hugsa å senda oss bladpengar. Men diverre, me har fått forlite pengar inn. Den vesle kapitalen me hadde spart oss opp, tærer me på no. Skal difor bladet ha leve-dagar, må me få meir pengar inn. Det kostar ca. 800 kr. for kvar nummer til trykking og porto. I 1970 vert det kan henda endå meir.

Med dette bladet fylgjer ein giroblankett. Ver gild og send pengane så snart du kan. Det er så lett å leggja blanketten til side og gløyma det heile. Dei som alt har betalt for 1970, kan berre kasta blanketten.

På førehand seier eg takk til alle som vil hugsa oss med blandpengar.

*Forretningsføraren*

## Ljosløypa

Slike løyper fins i landet vårt til stor glede og trivnad for ungdomen vår. Den næraste for oss ligg vel i Eikjedalen ved Kvamskogen. Det er for skifolk og sportsfolk.

Men ljosløyper elles for folket vårt? Har me noko slikt — for ungdomen vår? Der dei kan samlast um gode fyremål. He treng til det i myrke tider. Kyrkja vår vil vera slik løypa. Der kan du få vera med for myrkret i verdi og millom menneski er av åndelegt slag. Det veit du ikkje, men sanning er det likevel. Difor lyt me ropa ut i tide og utide. Finn plassen din der, det skal verta ljosare for deg etterkvart.

Ei ljosløype for vår yngste ungdom vil eg nemna og helsa. Ei tydeleg ei for ho er ikkje ny. Var det i 1911 tru at dei brøyttte veg her i landet. Speidarlag kalla dei seg — eller tropp. Mange unge fekk der nerk og nøring til livsens strid. Lekamleg og sjeleleg. Dei tala om trening og vokster. Dei drog mykje ut på turar i skog og mark. For helsa si skuld, men endå meir for der å sedast opp til hjelpsame og gilde gutar og gjenter. Klara seg sjølve og læra seg riddarånd. Det har vore sagt at har du eingong vore speidar så vert du det alltid.

St. Georgsgildene i landet vårt er vitnemål om det. Me har 66 av dei — det eine har dei i sjølve Noregs storting. Dei vil i yrket sitt prøva ta vare på elden dei fekk i barneåri. Det kom vel med i heim og yrke. Meir speidarånd vil dei det skal vera i bygd og by og sjølve stø opp under dette arbeidet som vert drive kring heile vårt land. St. Georgsgildet tel heile 1500 slike «old boys» — det er glade og takksame sjeler for løypa dei fann og gjekk. Mange foreldre var og fegne for den hjelp dei fekk i det vanskelege yrket dei hadde: Seda borni sine opp til kristne menneske og gode nordmenn. For noko spesialisering sikta dei slett ikkje på. Målet var: Heile menneske skal bergast og styrkjast.

## Uvanlege møter

Bergen skal frå 5. — 12. april i år få direkte yverføring av Billy Graham sine møter i Dortmund, Vest-Tyskland. 3000 menneske reknar dei å samla kvar kveld i Bergenshallen.

Eit føraksjonsmøte vert skipa til i Johanneskyrkja, Bergen, fredag 23. jan. kl. 20.00. Grahams team vert då med der, og nokre av medarbeidarane hans.

## Spar for framtida!

Ei bankbok er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik.

Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

**BANK DET INN PÅ KONTO!**

## Arna Privatbank

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:

- 1.11. Stig. Foreldre: fengselsbetj. Alf Fortun og Gunnhild f. Brurås.
- 9.11. Monika, for.: fabr. arb. Rune Hole og Asbjørg f. Pettersen.
- 2.11. Raymund William, for.: sjåfør Jan Ingvaldsen og Marit f. Brandsdal.
- 16.11. Irene, for.: handelsbetj. Jan Olav Presthus og Vigdis f. Vangsnes.
- 16.11. Sølvi, for.: montør Johan Strøm og Ella f. Nordbø.
- 23.11. Kai Inge, for.: eksp. Magne Revheim og Anne Marie f. Samuelsen.
- 24.12. Tømm Kenneth, for.: eksp. Norvald Taule og Margit f. Kvalnes.

#### VIGDE YTRE ARNA:

- 1.11. teiknar Helge Roar Nilsen og Johannes Eikeset. (i Bergen.)

- 22.11. lensm.betj.asp. Jan Age Sundal og hmv. Sylvia Vathe. (i Bergen.)
- 15.11. mek. Atle Kjell Eikefet og butikkjenta Anne Karin Johs.sen.
- 22.11. maskinarb. Odd Johan Nordøen og elev Bodil Jorunn Grinde.
- 27.12. matros Kåre Brandsdal og kontorist Vigdis Vik.
- 31.12. montør Dag Harald Hoven og tilskjerar Marion Kristin Rúús.

#### AVLIDNE:

- 31.12. bakar Oskar August Boge f. 1909.
  - 1.1. husmor Elisa Wiik f. 1893.
  - 9.1. husmor Borghild Marie Håland f. 1907.
  - 11.1. gift. gbr. Trygve Kvamme f. 1940.

#### DØYPTE I ARNA:

- 25.12. Terje, for.: Kjell Atle Iversen og k. Solbjørg Oddrun f. Veland.
- 25.12. Anne, for.: Arne Johannes Helgesen og k. Inger f. Berntsen.
- 26.12. Einar, for.: Willy Strømme og k. Annaaug Marie f. Hagen (i Birkeland).
- 28.12. Stig Tore, for.: Jostein Anthun og k. Kari f. Brunborg.
- 28.12. Karstein Ingmund, for.: Ingmund Storsæter og k. Anna Nora f. Zahl.
  - 1.1. Erlend Arne, for.: Erling Audun Østerås og k. Kari f. Aavatsmark. (Høylandet kyrkja, Overhalla).
- 4.1. Jan Frode, for.: Yngve Magnar Wiik og k. Brith Madli f. Sælen.
- 17.1. Jan Ove, for.: Svein Ole Gjuvsland og k. Wenche f. Jakobsen.
- 17.1. Kjell Harald, for.: Harald Rysjedal og k. Katrina f. Aurdal.
- 17.1. Hilde, for.: Dagfinn Litland og k. Bodil Marta f. Hella.
- 18.1. Ståle, for.: Harald Jensen og k. Margrethe f. Asheim.

- 26.12. Roald Johannes, for.: Harald Hauge og k. Eva f. Andersen. (Horten kyrkja).  
 25.1. Anita, for.: Olav Ingvard Skulstad og k. Sigrid f. Tveiterås.  
 17.1. Gunnar, for.: Alfred Einar Mjelde og k. Eli Kristine f. Johannessen.

**VIGDE:**

- 20.12. Sverre Sigurd Vestrheim og Kristen Synnøve Blindheim.  
 20.12. Bernt Johan Solås og Kjellfrid Petra Helle.  
 27.12. Leif Haslund og Britt Soelberg (i Frogner kyrkja, Oslo).  
 31.12. Johannes Morken og Ingrid Ahnger (i Bardu kyrkja).  
 3.1. Arne Kolbjørn Solberg og Gunvor Alise Bysheim (i Gjerstad kyrkja).  
 10.1. Jørgen Mjelde og Gudrun Lønøy.  
 10.1. Terje Olsen og Vigdis Borgfrid Herland.  
 17.1. Jan Kvalvåg og Else Rolland.

**AVLIDNE:**

- 17.12. gift lærar Øystein Indrehus f. 1927.  
 24.12. gift elektriskform. Johannes M. Arnetvedt f. 1902.  
 5.1. enkjemann, gbr. Hans Kristian Gjerde. f. 1882.  
 14.1. ugift hushaldar Malene Espeland f. 1894.  
 15.1. gbr. kone Guri Tyssedal.

Ytre Arna sokneråd valde Henning Heland oppatt som formann og Knut Brakestad vart varaformann.

I Arna sokneråd vart Jens K. Hauge og attvald til formann, og Einar Tesdal til varaformann. Børdal vart ny kasserar.

## Om å bera

*Skapte er vi til å bera  
 og lette børenne for kvarandre.  
 Til fånytt lever ingen —*

*Men våre eigne bører  
 skal vi bera åleine.*

*Stor og verdfull er sorgi  
 som ikkje kan delast med andre.  
 Men fatigsleg, liti og arm er den gleda  
 som du vil ha åleine.*

*Hjelpelaus er den  
 som ikkje har nokon å hjelpa  
 og vera god mot.  
 Lik tre utan sevjestraum  
 turkast han inn —*

*Den mann ber tyngste børi  
 som ingen ting har å bera.*

*Jan Magnus Bruheim*

## Samrådsmøte

for dei nye sokneråd i Borgstova, Indre Arna 29. januar kl. 19.00. Ingvar Fykse og Johannes Valle vert med. Emne: «Våre oppgaver og korleis me skal løysa dei». Dei som har hug å vera med, har lov.

## Ungdomsnemnd i Arna

Valde vart: Harald Haugsvær, Jans K. Hauge, Elsa Minde, Ingm. Ljones, Ella Økland. Varamenn: Klara Ulvesæter, Oddmund Bildøy, Brynhild Skjelbreid.

## Arbeidet blant shankallane — en åpnet dør

*sier den svenske pionermisjonæren Per Stjärne om det nye arbeidet i NMS.*

«Når nå nordmennene skal begynne arbeidet blant shankallaene her i Vestre Wollega, så tror jeg bestemt at de skal få gå inn gjennom en åpen dør, men det vil bli mange motstandere», sier den svenske misjonsveteranen Per Stjärne. Han kom til Etiopia som misjonær fra Evangeliska Fosterlands-Stiftelsen allerede i 1921. Mesteparten av denne tiden har han arbeidet ved svenskenes misjonsstasjon på Entottohøyden i Addis Abeba. Nå er både han og hans hustru pensjonister og har vel passert 70-års milepælen. Men de er bedt om å vikariere som misjonærer ved misjonsstasjonen i Nakamte. «Vi har arbeidet med planene om å ta opp arbeidet blant shankallaene ganske lenge. Jeg husker at vi snakket med Keiseren om dette. Det var vel allerede i 1951. Vi snakket da om disse stammene der ute ved Nilen hvor muhammedanerne fra Sudan presser på. Og vi var enige om at vi burde forsøke å få istand et arbeid blant disse shankallaene og Keiseren selv var meget interessert i disse planene. Men han var spent på hva den ortodokse kirkens biskop i Vestre Wollega ville si til planene. Og det viste seg at han fikk rett i sine bange anelser. For biskopen satte seg mot planene og han ble støttet av guvernøren her borte den gang. Men nå har vi fått en guvernør som ikke bare tillater at vi setter i gang shankalla-arbeidet, men som direkte tilbyr samarbeid.

Og jeg kan forsikre dere mine norske venner om at dere skal finne takknemlige lyttere til forkynnelsen. Ja, at det er en stor hunger etter Guds ord. Noe har de allerede hørt, men de vil høre mer. Og dere vil finne behov for utstrakt hjelpevirksomhet. Det er megen legemlig og sjelelig nød og det trengs undervisning», sier misjonær Per Stjärne.

*De første misjonærene til  
 shankallaene i Etiopia.*

Lørdag 10. januar reiste de første NMS-misjonærene som skal ta opp arbeidet blant

shankallaene i Vestre Wollega i Etiopia. Disse er Tor Dag og Ranveig Kjosavik, Sandnes, Olav og Gunnvår Kongsvik, Mandal, Ingrid Sørensen, Fræna i Romsdal, Kari Årslund, Nærbø på Jæren.

Kongsvik og Kjosavik er misjonsprester, Sørensen og Årslund er sykepleiere og jordmødre. De skal nå først til Addis Abeba der de skal gå på språkskole et års tid for å lære det offisielle språk i Etiopia, amharisk. I tillegg til amharisk må de senere forsøke å sette seg inn i shankallaenes eget språk, men all undervisning i Etiopia skjer på amharisk og engelsk.

Det var avskjedsfest for familien Kjosavik, for frk. Sørensen og frk. Årslund i Misjonshallen i Stavanger onsdag 7. januar. Samme dag var det avskjedsfest for familien Kongsvik i Misjonsaulaen i Oslo. Sammen med de nye misjonærene drar generalsekretær Magne Valen-Sendstad som har Etiopia som første stopp på en lang reise på fire måneder til Misjonsselskapets felter i Afrika. Foruten Etiopia skal han besøke Madagaskar, Sør-Afrika og Tanzania.

## J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.  
 Sport og camping.  
 Glass og steintøy.

## HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —  
 Espeland — Lonevåg

*De nye NMS-misjonærene til Etiopia  
får en god mottakelse.*

Programdirektør Jon Egil Ofstad ved Radio Evangeliets Røst i Addis Abeba skriver i et brev som kom mellom jul og nyttår, at de nå er klar til å ta imot de nye misjonærene. Det er leiet et stort og godt hus til dem, men før dette er gjort helt i stand til innflytting, skal våre nye folk i Etiopia midlertidig bo på radiostasjonen en mils vei utenfor Addis Abeba sentrum. Det er tre NMS-misjonærer på Radio Evangeliets Røst, foruten Ofstads har vi Ruth og Johannes Føyen og Yolanda og Rolleiv Solholm. Fra midten av januar har NMS etter dette fem familier og to enslige i Etiopia. Tre av disse familiene er opptatt med arbeidet i forbindelse med Det Lutherske Verdenforbunds kringkaster, Radio Evangeliets Røst. De to andre familiene og de to enslige skal forberede seg til pioneroppgaven blant shankallaene i Blå Nil dalen i Vestre Wollega.

*Framhald neste nr.*

**Vakre blomar frå**

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**I min forretning**

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



**ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER**

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

**F. BEYER**  
Bok og papirhandel  
Indre Arna

**Preikelista i februar**

**Sundag seksagesima (1. februar):**

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res.kap. Nattverd.

Om kvelden kl. 19.30 ungdomstenesta

v/ leidar i Arna kyrkja.

**Festelagssundag (8. februar):**

Arne: Soknepresten.

Ytre Arna: Res.kap.

**1. søndag i faste (15. februar):**

Arna: Res.kap.

**2. søndag i faste (22. februar):**

Arna: Soknepresten.

~~Ytre Arna: Res.kap.~~

Kl. 19.30: Trengereid — ungdomsteneste

v/ leidar.

**3. søndag i faste (1. mars):**

Arne prost Sellevold. Nattverd.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

*Kyrkjelyds.*